

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 13.09.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Ingebjørg Grøtt og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Veslemøy Mjelde, Oddmund Skeie

Referent: Kaia

**Sak 2022/54: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2022/55: Godkjenning av referat frå styremøte 16.08.2022.** Godkjent

Kommentarar: 2022/44/46: Kenneth Vikane kjem ikkje heim før medio desember, og har permisjon ut 2022.

**Sak 2022/56: Egedomar:**

- Meieriet; leigeavtalen med Kram Sjø går ut 31.12.22, og skal reforhandlast i haust. Det er ikkje funnet tid for møte enno, Kramsjø ynskjer å møte med både Stig Otto Mjelde og Therese Aarseth. Bygdelaget har fått brev frå Ullensvang kommune om at septiktanken som har fungert som feittavskillar til Meieriet har kollapsa og må skiftast.
- Me har fått pris på asfaltering av skuleplassen frå Hordaland Asfalt på om lag 320.000,-. Kasserar lager ein søknad om midlar.
- Melding om dårleg rekkverk (wire) på kulturstien ved nedgangen til Vassel – Thorleif ser på kva som trengs å gjerast i stien frå Vassel og opp på berget til neste styremøte. Det er midlar igjen i støtta frå kommunen som kan brukast til dette arbeidet.

**Sak 2022/57: Tilstellingar:**

- Oppsummeringsmøte etter årets turistsesong, 27.09.2022. Det er innkalla til ekstraordinær generalforsamling for Herand Landhandleri a/s same kveld. Turistmøtet flyttast til tysdag 18.10.22, invitasjon vert sendt ut/hengt opp.

**Sak 2022/58: Ullensvang kommune:**

- Trafikktryggleiksplan for Ullensvang kommune ligg ute på høyring, Herand bygdelag sender inn høyringsuttale.

**Sak 2022/59: Økonomi:**

Kasserar jobbar med rekneskap for nærmiljøanlegget, det skal leverast rekneskap både for motteke spelemidlar og totalrekneskap for refusjon av mva.

**Sak 2022/60: Nærmiljøanlegget:**

Nye gjerder er kjøpt inn, målet er å få skifta ut dei gamle langs leikeplass og på muren mellom aktivitetsplass og leikeplass ila hausten. Ballbingen er ferdig beisa og klar for nytt kunstgras. Sandvik Play kjem og legg dette denne månaden. Det vert dugnad for å fjerne det gamle kunstgraset.

**Sak 2022/61: Andre saker/eventuelt:**

- Eventuell ladestasjon i bygda; Ole har vore i kontakt med BKK. Dei var her for å bygge ladestasjon, men dette vart ikkje gjort grunna manglande avtale med grunneigar. Denne vart sett opp anna stad. Det finnast ingen offentleg støtte til ladestasjonar no. Me tek spørsmålet om lading med til turistmøtet 18.10.

- Plan for helse og omsorg i Ullensvang kommune er ute på høyring med frist for innspel 07.10.
- Temaplan for kultur er ute på høyring med frist for innspel 09.10.
- Bunadsdokker; bygdelaget har fått ein gut og ei jentedokke med hardangerbunad i gåve. Desse er laga av Gunnbjørg Alsaker og skal stillast ut i monter på Herand kulturhus. Ingebjørg Grøtt følgjer opp saka.
- Herand Landhandleri har innkalla aksjeeigarane til ekstraordinær generalforsamling tysdag 27.09.22 kl. 18.00.

**Neste styremøte tysdag 04.10 kl. 19.00 på Herand kulturhus**